



## Føredragshaldar

«I did it my way» passar godt som ein introduksjon til føredragshaldaren vår. På messa møter du nemleg Kjetil Hovland som er grunnleggar og eigar av bedrifta Digital Etikett i Luster. Han vil fortelje om satsinga han gjorde for å starte si eiga suksessbedrift i Gaupne i 2008. Verksemda produserer etikettar til næringsmiddelindustrien, og på fabrikkjen dundrar rockemusikken på bønn gass. Det er nemleg rock som er tingen!



## SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei sju kommunane i Sogn: Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd jobbar for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn. Messa i Luster er den 13. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og årets vertskommune arrangerer for ungdomsskulane i Sogn.

Samarbeidspartar:



LUSTER  
ENERGI

Luster Sparebank



Statkraft



Luster kommune



System for  
styrka læring  
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 - 2030

gasta.no Naturfoto: Carl Stefan Åberg

Ei stor takk til våre sponsorar!

# Initiativ, skaparlyst, kreativitet!

## VELKOMMEN TIL ENTREPRENØRSKAPSMESSE!

Idrettshallen i Gaupne, Luster  
26.april 2022 frå kl. 10:00 til 14:30.



Luster kommune



SOGN REGIONRÅD

UNGT  
ENTRE  
PRENØR  
SKAP  
VESTLAND

Konferansier Emil  
Haugen Kalhagen



Ordfører Ivar Kvalen  
©Erling Kvalsøren



Konferansier Mathea Fosshelm



Konferansierane Mats Normann og Eirill Skjerdal

## Velkommen til entreprenørskapsmessa i Luster

Hjarteleg velkomen til vakre Luster den 26. april og den 13.entreprenørskapsmessa i regi av Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap. Etter to år med pandemistenging og digital entreprenørskapsmesse er det ekstra kjekt å kunne møtast fysisk her i Luster. Det fortener me alle!

Oppskrifta på suksess er å vilje noko, og deretter gå for det du trur på. Kva interesser har du? Kva draumar har du for framtida? Kva yrke skal du velje for å få draumane realisert i Sogn? Entreprenørskap i skulen handlar om kreativitet og nytanking. Det handlar om å sjå verdien av alle faga på skulen og bruke dei på spanande måtar. Entreprenørskap er samarbeid og samspel mellom mange, og ikkje minst trua på egne mål og krefter. Grip sjansane som byr seg! Det er du som er sjef over eiga framtid!

Luster har eit variert næringsliv, og er særleg kjend for reiseliv, kraftproduksjon, teknologi og eit levande landbruk. Luster har ein fantastisk natur som inviterer til friluftsliv og aktivitetar på breen, på fjellet, i skogen og på fjorden. Me gler oss til å syna deg kva Luster har å by på, gjennom godt vertskap, spennande næringsliv og flott natur. Me gler oss til å sjå kreative produkt og spennande elevbedrifter. Lykke til alle saman! Eg vonar de får ein fin og minnerik dag i Luster.

Ivar Kvalen, ordfører



**NYSGJERRIG?**  
Skann denne QR-koden  
for å delta i konkurransen  
på messa i Luster



VERDSARVEN  
URNES

## Program

- Kl. 09.30 – 10.00 Rigging/ klargjering av elevbedriftene
- Kl. 10.00 – 10.30 Opningsarrangement
- Kl. 10.50 – 14.00 Besøk på stand, plenumsforedrag og informasjon/film frå lokale bedrifter
- Kl. 14.00 – 14.20 Avslutningsarrangement med premieutdeling